

Høringsnotat – ny forskrift om obduksjon og avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning (obduksjons- og likavgjevingsforskrifta)

Sendt ut: 30. april 2015

Høringsfrist: 1. september 2015

Innhald

1	Innleiing og samandrag	3
2	Bakgrunn for forslaga	4
3	Gjeldande forskrifter	4
3.1	Forskrift 19. mars 2004 nr. 542 om obduksjon m.m. (forskrift om obduksjon)	4
3.2	Forskrift 11. januar 1985 nr. 19 om avgjeving av lik til bruk for undervisning og forskning i anatomi og andre medisinske fag ved universiteta og andre lærestader (forskrift om lik til bruk for undervisning)	5
4	Forslaget til ny obduksjonslov	5
5	Ny forskrift om obduksjon og avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning	6
5.1	Nye reglar om obduksjon	6
5.1.1	Innleiing	6
5.1.2	Departementet sine vurderingar og forslag	7
5.2	Nye reglar om avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning	8
5.2.1	Innleiing	8
5.2.2	Departementet sine vurderingar og forslag	9
5.3	Særleg om Svalbard og Jan Mayen	11
6	Økonomiske og administrative konsekvensar	13
7	Utkast til forskrift	13

1 Innleiing og samandrag

I dette høyringsnotatet foreslår Helse- og omsorgsdepartementet ei ny felles forskrift om obduksjon og avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning.

Departementet la 5. desember 2014 fram eit forslag om at gjeldande transplantasjonslov m.a. skal erstattast av ei ny lov om obduksjon og avgjeving av lik til undervisning og forskning (obduksjonslova). Forslaget blei lagt fram i Prop. 38 L (2014-2015). Ein viktig bakgrunn for lovendringsforslaga var behovet for å forenkle og modernisere regelverket og å auke talet på medisinske obduksjonar. Stortinget slutta seg til forslaga frå departementet, jf. Innst. 223 L (2014-2015).

Nærare reglar om obduksjon er i dag gitt i forskrift 19. mars 2004 nr. 542 om obduksjon m.m. (forskrift om obduksjon). Vidare er det gitt nærare reglar om avgjeving av lik i forskrift 11. januar 1985 nr. 19 om avgjeving av lik til bruk for undervisning og forskning i anatomi og andre medisinske fag ved universiteta og andre lærestader (forskrift om lik til bruk for undervisning).

Det er behov for å revidere gjeldande forskrifter som følgje av forslaget om ny obduksjonslov. Ein del av reglane som i dag er gjevne i forskrift er foreslått flytta inn i lova. Vidare er den generelle forskriftsheimelen i gjeldande transplantasjonslov § 13 foreslått erstatta av meir avgrensa forskriftsheimlar i den nye obduksjonslova. Sjå nærare omtale av lovendringsforslaga i avsnitt 4. Det er dessutan behov for å forenkle og modernisere forskriftsreglane.

Formål og verkeområde skal framleis gå fram av forskrifta. Det blir vidare foreslått reglar om kva for informasjon som skal følgje legens krav om obduksjon. Krava til korleis liket skal behandlast, med unntak av dei reglane som er foreslått tatt inn i obduksjonslova, blir foreslått vidareførde.

Det skal gå fram av forskrifta kva for institusjonar som skal kunne få utlevert avgjevne lik. Ansvar og myndigheit etter forskrifta blir foreslått lagt til universitetet. Det blir foreslått å vidareføre krav til registrering av opplysningar om liket og bruken av det. Det blir også foreslått at reglane om kva liket kan brukast til og korleis det skal behandlast, skal vidareførast. Det skal haldast avskjedsseremoni i tråd med ønska til avdøde eller dei pårørande til avdøde før liket blir overført til det aktuelle universitetet.

Departementet legg elles opp til at forskrift 22. november 2013 nr. 1334 om kvalitet og sikkerhet for humane organer beregnet for transplantasjon og forskrift 7. mars 2008 nr. 222 om krav til kvalitet og sikkerhet ved håndtering av humane celler og vev skal vidareførast med heimel i den nye transplantasjonslova. Departementet har også bede Helsedirektoratet om å vurdere behovet for endringar i forskriftene som følgje av den nye transplantasjonslova.

2 Bakgrunn for forslaga

Obduksjonar er medisinske undersøkingar som blir gjennomførte for å vurdere dødsårsak og sjukdomsutvikling hos den avdøde. Obduksjonar er i tillegg ei viktig kjelde til generell kunnskap om kroppen sine reaksjonar på sjukdom og behandling, og om sjukdommar i befolkninga. Obduksjonsverksemda er dermed viktig for undervisning, kvalitetssikring av den kliniske verksemda og for utarbeiding av helsestatistikk.

Gode kunnskapar om korleis kroppen er bygd opp og fungerer, både når han er frisk og når han blir ramma av sjukdom, er heilt sentrale for å kunne gi best mogeleg behandling. Mogelegheita for å undersøke menneskekroppen er av den grunn ein sentral del av undervisninga av framtidige legar og anna helsepersonell. Det er derfor viktig at tilstrekkeleg mange ønskjer å gjere kroppen sin tilgjengeleg for undervisning og forskning etter at dei er døde.

Obduksjonsverksemda og bruken av lik i undervisning og forskning er beskrivne i NOU 2011:11 Når døden tjener livet avsnitt 4.2 og 4.3.

3 Gjeldande forskrifter

3.1 Forskrift 19. mars 2004 nr. 542 om obduksjon m.m. (forskrift om obduksjon)

Forskrifta er gjeve med grunnlag i transplantasjonsloven § 13. Forskrifta tredde i kraft 1. april 2004 og erstatta den tidlegare obduksjonsforskrifta av 18. mars 1988.

Formålet med forskrift om obduksjon er å medverke til at obduksjonar blir utførte på ein verdig måte og med respekt for den avdøde og dei næraste pårørande til den avlidne, jf. § 1. Forskrifta gjeld etter § 2 for obduksjonsverksemd som blir utført etter transplantasjonsloven § 7, dvs. ved dødsfall som skjer i sjukehus, sjukestover, fødestover og sjukeheimar eller når avdøde blir brakt død til ein slik institusjon. Etter § 3 har institusjonar som utfører obduksjonar etter forskrifta plikt til å etablere internkontroll for verksemda. Helseinstitusjonar som utfører obduksjonar skal etter § 4 gi generell informasjon om formålet med og gjennomføringa av obduksjonar.

Forskrifta har også utdjupande reglar om rett til informasjon og rett til å nekte obduksjon, jf. §§ 5 og 6, om korleis obduksjonen skal gjennomførast og om handtering av biologisk materiale som blir tatt ut i samband med obduksjonen, jf. § 8. Forskrifta har vidare reglar om bruk av materiale som er tatt ut i samband med ein obduksjon i undervisning og forskning og til framstilling av biologiske produkt, jf. §§ 9 og 10. Forskrifta stiller dessutan krav om melding av opplysningar til Dødsårsaksregisteret, jf. § 12.

Forskrifta gir også åtgang til å gjennomføre obduksjonar, sjølv om kravet til informasjon til dei pårørande ikkje er oppfylt, når det av særlege grunnar er nødvendig å få fastslått dødsårsaka, jf. § 7. Forskrifta § 11 omtalar forholdet til biobankloven.

Forskrifta har i tillegg kunngjorde merknader til dei einstilte paragrafane.

3.2 Forskrift 11. januar 1985 nr. 19 om avgjeving av lik til bruk for undervisning og forskning i anatomi og andre medisinske fag ved universiteta og andre lærestader (forskrift om lik til bruk for undervisning)

Forskrift om lik til bruk for undervisning er gjeve med heimel i transplantasjonsloven § 13. Forskrifta tredde i kraft 1. mars 1985 og avløyste forskrift av 29. mai 1901.

Forskrifta har ikkje eigne paragrafar om formål og verkeområde.

Forskrifta har reglar om kven som kan gi lekamen sin til bruk i undervisning og forskning etter at ein er død og kva for institusjonar som kan krevje å få utlevert slike lik, jf. §§ 1 og 7. Paragrafane 1, 2 og 4 legg ei rekkje rettar og pliktar til styraren for det anatomiske instituttet eller tilsvarande på universitetet som har fått utlevert liket.

Forskrifta stiller vidare krav om at jordfesting av døde som har tilhørt Den norske kyrkja eller tilsvarande seremoni for den som har tilhørt eit anna trdomssamfunn, skal ha funne stad før liket blir overført til institusjonen som har rett til å få det utlevert. Forskrifta har dessutan reglar om kva dei utleverte lika kan brukast til, korleis dei skal handterast og kor lenge institusjonen kan behalde lika, jf. §§ 1 og 3-5 og 10-11. Forskrifta stiller vidare krav om registrering og oppbevaring av opplysningar om liket og bruken av det, jf. § 2. Etter § 13 skal kostnadene ved avgjevinga av liket og gravferda dekkast av institusjonen som får utlevert liket.

I § 12 blir det minna om at dei som er involverte i handtreringa av avgjevne lik har teieplikt. Forholdet til forvaltningsloven blir omtalt i § 15. Etter § 14 skal instituttet, dersom departementet krev det, sende departementet melding om praktiseringa av forskriftene. Etter § 6 går dødfødt barn og foster på minst 28 veker inn under omgrepet lik. Forskrifta har dessutan reglar om overtaking av lik som er i det offentlege si varetekt i §§ 8 og 9.

Departementet¹ er klageinstans for avgjerder etter forskrifta.

4 Forslaget til ny obduksjonslov

Den nye obduksjonslova skal m.a. regulere alle medisinske obduksjonar, dvs. også når dødsfallet har skjedd utanfor institusjon. Det er foreslått at krav om obduksjon må setjast fram av ein lege og at legen som stadfestar at døden har inntreft, skal ha plikt til å vurdere om den avdøde bør obduserast. Hovudregelen skal framleis vere at obduksjonar berre kan gjennomførast dersom det ikkje er grunn til å tru at den avdøde ville ha motsett seg ei slik undersøking, og dei pårørande ikkje nektar obduksjon. Det same skal gjelde for uttak av biologisk materiale til bruk i undervisning og forskning.

¹ Kunnskapsdepartementet

Det er foreslått at hovudreglane om handtering av liket under obduksjonen skal gå fram av lova og at det skal kunne gjevast undervisning i samband med obduksjonar. Dei regionale helseføretaka skal sikre nødvendig kompetanse og kapasitet til å vareta formålet med obduksjonslova.

Personar som har fylt 18 år skal framleis kunne gi skriftlege samtykke til at kroppen deira kan brukast i undervisning og forskning når dei er døde. Næraste pårørande skal kunne gi slikt samtykke på vegner av den avdøde dersom det kan godtgjerast at avdøde har gitt uttrykk for eit ønske om å donere kroppen sin utan å ha formalisert det. Vilåret er at ønsket vert uttrykt etter at avdøde fyllte 18 år. Samtykke til bruk av lik i undervisning og forskning skal vere skriftlege.

Departementet skal også i framtida peike ut institusjonar som kan få utlevert lik til forskning og undervisning. Institusjonen kan som hovudregel behalde liket i to år. Kostnader til transport og kremasjon skal dekkjast av den institusjonen som har fått utlevert liket. Nødvendig uttak av implantat før kremasjon skal utførast av helsepersonell.

Lovforslaget vidarefører regelen om at lik ikkje kan krevjast utlevert dersom det er aktuelt med rettsmedisinsk obduksjon eller det ligg føre særskilte grunnar som talar for at det blir gjennomført ein medisinsk obduksjon.

Det skal framleis krevjast tillating frå politiet for å føre lik ut av landet eller før gravlegging dersom det er grunn til mistanke om at ein persons død er forårsaka av ei straffbar handling, eller det elles er grunn til å tru at det vil bli kravd rettsmedisinsk obduksjon.

Sjå nærare omtale i Prop. 38 L (2014-2015) Transplantasjonslov og obduksjonslov.

5 Ny forskrift om obduksjon og avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning

5.1 Nye reglar om obduksjon

5.1.1 Innleiing

Ein obduksjon er ei systematisk utvendig og innvendig medisinsk undersøking av ein død person der formålet er å påvise eller utelukke forandringar som er forårsaka av sjukdom eller skade. Obduksjonsverksemda er viktig for undervisning, kvalitetssikring av den kliniske verksemda og for utarbeiding av helsestatistikk.

Departementet har vurdert kva for forskriftreglar om obduksjon som bør vidareførast og kva for nye forskriftsreglar det eventuelt er behov for dersom Stortinget vedtek forslaget til ny obduksjonslov.

Forskriftsreglar som er heimla i lovreglar som ikkje er vidareførde i utkastet til ny obduksjonslov, må opphevast. Vidare er nokre av reglane som i dag går fram av forskrift, foreslått flytta til lova. Det er ikkje behov for å gjenta lovreglar i forskrifta.

På andre område meinte departementet at det framleis kan vere behov for å gi meir detaljerte reglar i forskrift. Det er foreslått at den nye obduksjonslova skal gi heimel til å fastsette forskrift om framsetting av krav om obduksjon, sjå utkastet til § 5 i den nye lova, og om korleis obduksjonar skal gjennomførast og om avgjeving og bruk av obduksjonsmateriale, sjå utkastet til § 8. Departementet skal dessutan, etter utkastet, kunne gi forskrift om at obduksjonslova og forskrifter med i heimel i ho, heilt eller delvis skal gjelde for Svalbard og Jan Mayen og fastsette særlege reglar under omsyn til forholda på staden, sjå utkastet til § 2.

5.1.2 Departementet sine vurderingar og forslag

Ein obduksjon er eit stort inngrep i kroppen til den døde. Det er viktig at dei pårørande følar seg trygge på at den døde blir behandla med omsorgsfull respekt. Formålet med forskrifta skal derfor framleis vere å medverke til at obduksjonar blir utførte på ein verdig måte og med respekt for avdøde og dei næraste pårørande til avdøde. Formålet legg føringar for korleis dei andre føresegnene i forskrifta skal tolkast og praktiserast.

Ein medisinsk obduksjon er etter forslaget til ny obduksjonslov, ein obduksjon som er kravd av ein lege. Forskrifta skal, som obduksjonslova, berre gjelde for medisinske obduksjonar. Rettsmedisinske obduksjonar er regulert i forskrift 28. juni 1985 nr. 1679 om ordningen av påtalemyndigheten (Påtaleinstruksen) Kap. 13 Sakkyndig likundersøkelse. Det er likevel ikkje noko i vegen for at påtalemakta legg prinsippa i den nye forskrifta til grunn ved rettsmedisinsk obduksjonspraksis, så langt det passar.

Det er viktig for verdigheita til den avdøde og for sorgprosessen til dei pårørande at utsjånaden til den avdøde i minst mogleg grad blir endra som følgje av obduksjonen. Departementet foreslår derfor at regelen om at utsjånaden til den avdøde, så godt det lèt seg gjere, skal gjenopprettast etter obduksjonen, blir vidareført.

Dei pårørande til avdøde skal, så sant det er mogleg, få informasjon om at det er ønskeleg å gjennomføre ein obduksjon og om at dei har rett til å nekte. Dei pårørande har, sjølv om dei ikkje nektar obduksjon, rett til å motsette seg at biologisk materiale som er tatt ut i samband med obduksjonen blir brukt til undervisning og forskning. Sjø utkast til ny obduksjonslov § 7. For å sikre at desse rettane blir ein realitet, foreslår departementet at legen som set fram kravet om obduksjon, også må opplyse om dei næraste pårørande er informerte om at det er ønskeleg med obduksjon, at utteke materiale kan bli brukt til undervisning og forskning, at dei har rett til å motsette seg og om dei ønskjer å gjere bruk av nektingsrettane.

Vidare er det viktig at dei pårørande, så langt som mogleg, blir spurde om det er forhold som gir grunn til å tru at avdøde ville motsett seg obduksjon eller bruk av materiale til undervisning og forskning. Etter utkastet til ny obduksjonslov er hovudregelen at slike forhold utelukker obduksjon eller bruk av materiale til undervisning og forskning. Det vil

vere naturleg at ein lege som set fram krav om obduksjon også dokumenterar kva pårørende har fortalt i samband med dette.

I utkastet til ny obduksjonslov er det ikkje lagt opp til å pålegge nokon instans eit særskilt ansvar for å gi informasjon om obduksjonsverksemda. Departementet meiner at kunnskap bidreg til å gjere det lettare å ta stilling til obduksjon. Departementet meiner likevel at det bør vere opp til dei regionale helseføretaka å vurdere kva for informasjon det er behov for å gi og korleis det bør gjerast.

Heimelen for å gjennomføre obduksjonar sjølv om vilkåra ikkje er oppfylt dersom det ligg føre særlege grunnar, går i dag både fram av transplantasjonslova § 7 og av forskrifta. Regelen er foreslått vidareført i obduksjonslova. Departementet ser dermed ikkje behov for å gjenta han i den nye forskrifta.

Obduksjon er ei helseteneste som det skal etablerast internkontrollsystem for og først tilsyn med, jf. lov 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m. § 3 og forskrift 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og sosialtjenesten § 2. Departementet ser ingen grunn til å gjenta dette i den nye forskrifta.

Legen som obduserer avdøde, skal melde resultatet av obduksjonen, obduksjonsnummer og laboratorienummer til Dødsårsaksregisteret innan to månader etter at obduksjonsrapporten er ferdig jf. forskrift 21. desember 2001 nr. 1476 om innsamling og behandling av helseopplysningar i Dødsårsaksregisteret § 2-4. Departementet ser heller ingen grunn til å gjenta dette i den nye forskrifta.

Materiale som er tatt ut i samband med ein obduksjon blir regulert av lov 21. februar 2003 nr. 12 om behandlingsbiobanker. Departementet ser ikkje noko behov for å gjenta dette i den nye forskrifta.

Departementet meinte at reglane om at dei pårørende til pasienten har rett til informasjon om at det er ønskeleg med obduksjon og rett til å nekte obduksjon, var så sentrale at dei burde gå fram av lova. Reglane i transplantasjonslova om lik i offentleg varetekt og regelen om bruk av obduksjonsmateriale i framstilling av biologiske produkt blei i praksis ikkje lengre brukt og dermed ikkje foreslått vidareført i den nye obduksjonslova. Det er dermed heller ikkje aktuelt å vidareføre forskriftsreglane på desse områda.

5.2 Nye reglar om avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning

5.2.1 Innleiing

Undersøking (disseksjon) av døde menneskekroppar bidrar til nødvendig forståing av forma på organa, kor dei ligg, konsistens og funksjon. Bruk av døde menneske i undervisningen gir verdifulle bidrag til utdanninga av legar og anna helsepersonell.

Anatomi er læra om korleis menneskekroppen er bygd opp. Kunnskap om anatomi er ein føresetnad for å forstå korleis kroppen fungerer, både når han er frisk og når sjukdommen rammar. Det finst gode modellar og lærebøker og moderne teknologi har bidrege med nye

læringsmetodar. Erfaringa tilseier likevel at desse aleine ikkje klarer å formidle dei praktiske sidene ved anatomien. Det er derfor heilt nødvendig å studere verkelege menneske. Det er dessutan framleis behov for å klarlegge korleis viktige anatomiske strukturar varierer frå individ til individ, og kor vanlege dei ulike variantane er.

Universiteta er derfor avhengige av at tilstrekkeleg mange ønskjer å stille lekamen sin til disposisjon for medisinsk undervisning og forskning.

Eit tydeleg regelverk som understrekar at det avgjevne liket i alle ledd skal behandlast på ein verdig måte, vil kunne bidra til å gjere personar som vurderer å donere kroppen sin til bruk i undervisning og forskning og deira pårørande trygge på avgjerda. Dermed kan regelverket bidra til å auke talet på lekamsdonasjonar.

Nokre av reglane som i dag går fram av forskrift er foreslått flytta til den nye obduksjonslova. Det er ikkje behov for å gjenta lovreglar i forskrifta.

På andre område meinte departementet at det framleis kan vere behov for å gi meir detaljerte reglar i forskrift. Det er foreslått at den nye obduksjonslova skal gi heimel til å fastsette nærmare forskrift om registrering og anna behandling av helseopplysingar og andre personopplysingar som er nødvendige for bruk av lik i undervisning og forskning, sjå utkastet til ny obduksjonslov § 9. Departementet skal også kunne gi forskrift om bruk av lik i undervisning og forskning og om krav til dokumentasjon ved utførsel av lik, sjå lovforslaget §§ 11 og 14.

Departementet har vurdert kva for forskriftreglar som bør vidareførast og kva for nye forskriftsreglar det eventuelt er behov for som følgje av utkastet til ny obduksjonslov.

5.2.2 Departementet sine vurderingar og forslag

Departementet meiner at formålet med forskriftsreglane framleis skal vere å sikre at bruk av lik i undervisning og forskning blir utført på ein verdig måte og med respekt for den døde og dei pårørande til avdøde. Verkeområdet for forskrifta skal også i framtida omfatte avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning i anatomi og andre medisinske fag.

Universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø skal framleis kunne bruke lik i undervisning og forskning. Dette skal gå fram av forskrifta.

Dagens forskrift legg ansvar og plikter til instituttstyraren. Etter lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler er styret det øvste organet ved universitetet. Styret har ansvar for at den faglege verksemda held høg kvalitet og for at institusjonen blir drive effektivt og i samsvar med dei lover, forskrifter og regler som gjeld, og dei rammer og mål som blir gjevne av overordna styresmakt. Institusjonen står elles fritt til å organisere seg sjølv. Alle avgjerder ved institusjonen som blir treft av andre enn styret, blir treft etter delegasjon frå styret og på styret sitt ansvar. Styret kan delegere avgjerdsmyndigheita. Departementet foreslår derfor at ansvar og plikter til å ta avgjerder om lik som er avgjevne til bruk i undervisning og forskning, blir lagt til universitetet.

Samtykke til avgjeving av lik til bruk i undervisning og forskning skal vere skriftlege, sjå utkastet til ny obduksjonslov § 9. Det er ein stor fordel om lekamsdonatoren samtidig gir

tillating til at universitetet etter dødsfallet kan innhente nødvendige opplysningar frå personens pasientjournal. Departementet meiner at det er viktig at universiteta respekterer ønska til den avdøde og at dei undersøkar kva for informasjon den avdøde har ønskt at institusjonen skal få. Avdøde kan også ha andre ønske knytta til donasjonen. Forskrifta bør derfor gi universitetet ei plikt til å undersøke om den avdøde ga uttrykk for særskilte ønske saman med samtykket.

Det er viktig at lika blir brukt i samsvar med formålet dei er avgjevne til og på ein verdig måte og med respekt for den avdøde og hans eller hennar pårørande. Liket og delar av liket må derfor bli forsvarleg merka. Universitetet må også til ei kvar tid ha kontroll på kven som har tilgang på liket og kva det blir brukt til. Krava til registrering og oppbevaring av opplysningar om mottekne lik bør derfor, etter departementet sitt syn, vidareførast.

I Prop. 38 L (2014-2015) Transplantasjonslov og obduksjonslov er det lagt til grunn at avgjeving av lik byggjer på avtale og at forvaltningsloven dermed ikkje gjeld for dette området. Det er i tråd med dette foreslått unntak frå forvaltningsloven kapittel IV, V, VI og VII, sjå utkast til ny obduksjonslov § 15.

Lik som skal brukast til undervisning og forskning må balsamerast. Liket bør derfor komme til universitetet som skal overta det seinast to døger etter dødsfallet. Den som ønskjer å donere kroppen sin bør derfor be dei næraste pårørande eller andre om å sørge for at det aktuelle universitetet så raskt som mogeleg får beskjed om dødsfallet. Når lekamen er frigitt for universitetet, vil eit gravferdsbyrå sørge for transport av liket. I praksis vil det vere dei pårørande som gjer helsevesenet eller gravferdsbyrået merksame på at den avdøde har ønskt å donere kroppen sin. Det aktuelle universitetet blir så kontakta slik at det kan be om å få liket utlevert. Universiteta er dermed avhengige av samarbeid med dei etterlatne. Dersom nære pårørande skulle ha sterke innvendingar mot at lekamen blir overlete til undervisning og forskning, vil ikkje instituttet insistere på at avtalen skal oppfyllest. Den mogelegheita som instituttet etter den gjeldande forskrifta har for å leggje saka fram for departementet til endeleg avgjerd, blir dermed i praksis ikkje brukt.

Departementet legg ikkje opp til at forskrifta skal etablere ei klageordning for universitet sine avgjerder etter forskrifta. Det er likevel ikkje noko i vegen for at universiteta sjølv kan etablere mekanismar for å ta stilling til usemje om bruk av lik i undervisning og forskning.

I dagens forskrift er hovudvekta lagt på å få avklart om den avdøde tilhørte Den norske kyrkja. Forskrifta blei fastsett i 1985. Ein større del av borgarane tilhøyrer no andre trdomssamfunn enn Den norske kyrkja. Det er heller ikkje lenger sjølv sagt at alle medlemmar ønskjer den seremonien som trdomssamfunnet tilbyr. Departementet meiner derfor at det i den nye forskrifta bør leggjast avgjerande vekt på å få avklart om den avdøde hadde særskilte ønske om avskjedsseremoni, eventuelt om dei pårørande har slike ønske.

Det skal framleis vere eit krav at avskjedsseremoni i tråd med ønska til avdøde eller dei pårørande til avdøde, skal vere gjennomført før liket kan overførast til universitetet.

Behovet for å bruke tid til å planlegge, og å få samla pårørande til ein avskjedsseremoni, kan komme i konflikt med universiteta sine behov for å få balsamert liket innan to døgn etter dødsfallet. Dette gjelde særleg dersom liket må transporterast over lengre avstandar. Departementet meiner likevel at det framleis skal vere eit krav at avskjedsseremoni i tråd med ønska til avdøde eller dei pårørande til avdøde skal vere gjennomført før liket kan overførast til universitetet. Departementet legg i denne samanheng avgjerande vekt på at dei pårørande skal få tid til ein verdig avskjed.

Universitets- og høyskoleloven § 7-6 slår fast at reglane om teieplikt i forvaltningsloven §§ 13 til 13e gjeld for universitet. Etter helseforskningsloven § 7 har einkvar som får tilgang på helseopplysingar og andre personopplysingar som blir behandla i eit forskingsprosjekt plikt til å hindre at andre får åtgang eller kjennskap til opplysningane. Departementet ser ikkje behov for å gjenta teieplikta i forskrifta.

Reglane om kor lenge institusjonen kan behalde liket og om kven som skal bere kostnadene ved avgjeving av lik er foreslått tatt inn i obduksjonslova. Lovregelen om bruk av lik i offentleg varetakt blir på den andre sida ikkje lenger praktisert og er derfor ikkje foreslått vidareført i den nye lova. Det er dermed ikkje lenger behov for forskriftsreglar på desse områda.

5.3 Særleg om Svalbard og Jan Mayen

Etter utkast til ny obduksjonslov § 2, skal Kongen kunne gi forskrift om at lova og forskrifter med i heimel i ho, heilt eller delvis skal gjelde for Svalbard og Jan Mayen og fastsette særlege reglar under omsyn til forholda på staden.

Norsk privatrett og strafferett samt rettspleielovgjevinga gjeld for Svalbard og Jan Mayen med mindre noko anna er fastsett. For andre typar lovgjeving er utgangspunktet det motsette, jf. lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard (Svalbardlova) § 2 og lov 27. februar 1930 nr. 2 om Jan Mayen § 2.

Helselovgjevinga er foreløpig i liten grad gjort gjeldande for Svalbard og Jan Mayen. Departementet foreslo i høyringsbrev av 20. mars 2013 at ei rekkje helselover heilt eller delvis skal gjerast gjeldande for Svalbard og at nokre få av desse også skal gjerast gjeldande for Jan Mayen.

Det er foreløpig ikkje aktuelt å gjennomføre obduksjonar på sjukehuset i Longyearbyen.

Det går fram av Prop. L 38 (2014-2015) Transplantasjonslov og obduksjonslov at det bør vurderast om nokre av reglane i den ny obduksjonslova bør gjerast gjeldande for Svalbard. Dette gjeld t.d. reglane om at obduksjon skal vurderast ved alle dødsfall og om at krav til obduksjon skal setjast fram av ein lege.

Lokalsamfunna på Svalbard, og då særleg Longyearbyen, har dei siste tiåra gjennomgått betydelege endringar. Longyearbyen har utvikla seg frå å vere ein tradisjonell ”company town” organisert rundt kulldrift, til eit moderne familiesamfunn med eit relativt godt utbygd tenestetilbod som har store likskapar med ein fastlandskommune. Sett over ein lengre periode har innbyggjartalet i Longyearbyen auka vesentleg, men det har i dei

seinare åra vore stabilt på noko over 2000 personar. Riksrevisjonen peikte i en rapport frå 2007 på at enkelte trekk ved samfunnsutviklinga medfører at målet om at Svalbard skal vere eit ikkje-livslaupssamfunn er under press og at ein stadig større del av befolkninga manglar tilknytning til ein kommune på fastlandet.

Helsepersonelloven gjeld i dag ikkje for Svalbard. Longyearbyen sjukehus er ei avdeling av Universitetssjukehuset Nord-Noreg HF, og etter det departementet forstår, følgjer dei tilsette ved sjukehuset i hovudsak helsepersonellovens reglar på tilsvarende måte som dei ville gjort dersom dei hadde arbeida ved sjukehusets avdelingar på fastlandet. Dette ivaretar i praksis mange av dei omsyna som ligg til grunn for lova. Departementet har likevel foreslått å gjere lova direkte gjeldande for Svalbard. Dette vil formalisere helsepersonellet sine plikter og klargjere rettstilstanden for alle partar. Det er m.a. foreslått at helsepersonelloven §§ 35 til 37 blir gitt anvending for Svalbard saman med nokre av forskriftene som er gjevne med grunnlag i desse paragrafane. Sjå nærare omtale i høyringsnotatet frå Helse- og omsorgsdepartementet om anvending av helselovgjevinga for Svalbard og Jan Mayen av 20. mars 2013.

Utviklinga på Svalbard vil venteleg føre til at fleire vil vere busette på Svalbard når dei døyr. Dersom helsepersonellova § 36 første ledd blir gjort gjeldande for Svalbard, vil også legane på Svalbard ha ei lovpålagt plikt til å gi erklæring om dødsfall som dei blir kjende med i verksemda si.

Målet er å auke talet på medisinske obduksjonar. Obduksjonar er også viktige for å kunne utarbeide ein påliteleg dødsårsaksstatistikk. Departementet meiner derfor at legar på Svalbard som konstaterar at døden har inntreft, også bør påleggast så langt det er mogeleg, å vurdere om det bør gjennomførast ein medisinsk obduksjon og dokumentere at vurderinga er gjort. Departementet meiner vidare at også krav om medisinsk obduksjon av personar som har døydd på Svalbard, bør setjast fram av ein lege. Obduksjonen vil framleis måtte gjennomførast på fastlandet.

Departementet foreslår derfor at ny obduksjonslov § 5 første, andre og fjerde ledd med forskrifter blir gjort gjeldande for Svalbard.

Det går vidare fram av Prop. L 38 (2014-2015) at donasjon av eigen lekam til forskings- og undervisningsføremål kan vere ønskeleg, t.d. med tanke på avgjeving til universitetet i Tromsø. Reglane om slik donasjon bør derfor også kunne gjelde for Svalbard og Jan Mayen.

Departementet viser til at det er viktig å sikre tilstrekkelig tilgang på lik til bruk i undervisning og forskning. Departementet meiner derfor at også personar som oppheld seg på Svalbard og Jan Mayen bør kunne samtykke til at kroppen deira kan brukast i undervisning og forskning etter at dei er døde. Departementet foreslår derfor at ny obduksjonslov §§ 9 - 12 blir gjort gjeldande for Svalbard og Jan Mayen.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forskrifta vidarefører i all hovudsak reglar som allereie finst i dagens forskrifter. Moderniseringa av regelverket vil føre til ei forenkling for dei som skal bruke forskrifta.

Forslaget til krav om kva informasjon som skal følgje kravet om obduksjon vil pålegge legar i den kommunale helse- og omsorgstenesta som blir tilkalla ved eit dødsfall noko meir administrative oppgåver. Departementet legg til grunn at desse oppgåvene ikkje vil vere særleg arbeidskrevjande, og at dei økonomiske konsekvensane av forslaget såleis blir beskjedne. Departementet viser også til at krava i forskrifta er ein konsekvens av reglane i lovutkastet om at dei pårørande har rett til informasjon og rett til å nekte obduksjon og bruk av biologisk materiale frå ein obduksjon.

7 Utkast til forskrift

Utkast til forskrift om obduksjon og avgjeving av lik til undervisning og forskning (obduksjons- og likavgjevingsforskrifta)

Fastsett av Helse – og omsorgsdepartementet x.x. 2015 med heimel i obduksjonslova §§ 5,8,9,10 og 11.

§ 1 Formål

Formålet med forskrifta er å bidra til at medisinske obduksjonar og bruk av lik som er avgjevne til bruk i undervisning og forskning, blir utført på ein verdig måte og med respekt for den døde og dei pårørande til avdøde.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for:

- a) medisinske obduksjonar, jf. obduksjonslova § 3 bokstavane a og b og
- b) bruk av lik som er avgjevne til undervisning og forskning i anatomi og andre medisinske fag.

§ 3 Kravet om obduksjon

Legen som set fram kravet om medisinsk obduksjon etter obduksjonslova § 5, skal saman med kravet opplyse om

1. dei næraste pårørande er informerte om at
 - a) det er ønskeleg med obduksjon,
 - b) utteke materiale kan bli brukt til undervisning og forskning,
 - c) dei har rett til å nekte obduksjon,
 - d) dei har rett til å nekte bruk av uttatt materiale til undervisning og forskning.
2. dei pårørande har opplyst at dei kjenner til forhold som gir grunn til å tru at avdøde ville ha motsett seg obduksjon.

3. dei pårørende ønskjer å gjere bruk av nektingsrettane etter nr. 1 bokstav c og d.

§ 4 Behandling av liket og biologisk materiale frå den døde i samband med obduksjon

Utsjånaden til den døde skal, så godt det lar seg gjere, gjenopprettast etter obduksjonen.

Utteke biologisk materiale skal behandlast etisk og fagleg forsvarleg og med respekt for den materialet stammar frå.

§ 5 Kven som kan få utlevert lik til bruk i undervisning og forskning

Til bruk i undervisning og forskning i anatomi og andre medisinske fag, kan universiteta i Oslo, Bergen, Tromsø og Trondheim krevje å få utlevert lik som er avgjevne til formåla i obduksjonslova § 9.

§ 6 Avskjedsseremoni og andre ønske frå avdøde eller pårørende

Liket kan ikkje overførast til universitetet før avskjedsseremoni i tråd med ønska til avdøde og dei pårørende er gjennomført.

Universitetet skal undersøke om den avdøde ga uttrykk for andre særskilte ønske saman med samtykket etter obduksjonslova § 9.

§ 7 Oversikt over utleverte lik

Universitetet som har fått utlevert liket, skal sørgje for at liket, og delar av det, blir gitt nummer eller merke slik at det lett kan identifiserast.

Universitetet skal føre oversikt over:

- a) lik dei har fått utlevert til bruk i undervisning og forskning
- b) korleis det utleverte liket er brukt i undervisning og forskning og
- c) når liket er overført til gravferd.

§ 8 Bruk av avgjevne lik

Universitetet som har fått utlevert liket, avgjer kven som kan bruke liket, eller delar av liket til undervisning og forskning. Universitetet kan setje vilkår for bruken av liket.

Den som brukar eit lik, eller noko av det, i undervisning eller forskning eller på annan måte har med det å gjere, skal halde seg strengt til føremålet med bruken og i arbeidet vise respekt for den døde.

Namnet og anna om livshøvet til den døde skal ikkje vere tilgjengeleg for andre enn dei som har behov for å kjenne til dette. Det kan likevel opplysast om alder, sjukdommar og anna som er ønskeleg eller nødvendig i undervisninga eller forskinga, men som ikkje bidreg til å finne ut kven den døde var.

§ 9 Endringer i andre forskrifter

Forskrift 19. mars 2004 nr. 542 om obduksjon m.m. og forskrift 11. januar 1985 nr. 19 om avgjeving av lik til bruk for undervisning og forskning i anatomi og andre medisinske fag ved universiteta og andre lærestader opphevast.

§ 10 Iverksettning

Forskrifta trer i kraft...

Til forslaget til forskrift om anvendelse av helselovgivningen for Svalbard og Jan Mayen (høringsnotat av 20. mars 2013):

§ X Obduksjonslovens anvendelse for Svalbard og Jan Mayen

Lov x.x.2015 nr. X om obduksjon og avgjeving av lik til undervisning og forskning § 5 første og andre ledd om framsetting av krav om medisinsk obduksjon og forskrift etter § 5 fjerde ledd gjelder for Svalbard.

Lov x.x.2015 nr. X om obduksjon og avgjeving av lik til undervisning og forskning §§ 9 - 12 om personer som har fylt 18 års rett til å samtykke til at kroppen deres kan brukes i undervisning og forskning, etter at de er døde gjelder for Svalbard og Jan Mayen.